

- Uskedalen er ei perle!

23.07.2010



- Uskedalen er ei perle!

Det svarar Hilde Karin Saksvik frå Skålevik i Bergen når uskedalen.no spør kvifor bygda og hamnane her er familien sitt mål for ferieturen kvart einaste år.

Og ho har inga problem med å slutta seg til dei andre som også prisar staden og som vi i dag har sitert her på nettsida.

- Noko av det viktigaste er at dei to ungane våre trivs så godt her, seier Hilde Karin.

Ho kan presentera for oss eit anna døme på kvifor ho, mannen Ørjan og ungane trivs så bra her:

Ein velvaksen lyr og ein makrell som dei like før fekk på stong utanfor Flatholm.

Så sjølv om det i den seinare tid har vore langt mellom meldingane om fiskefangst i elva, er det tydelegvis annleis med fisket i fjorden.

(Foto: Ola Matti Mathisen)